

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Spørsmål frå Trude Brosvik (KRF):

Ref. tidlegare spørsmål frå FrP om Ferde og dotterselskap om ma. påfyll av kort.

I Sogn Avis står dette lesarbrevet 13.04.21: <https://www.sognavis.no/ta-ein-bomring-og-lat-han-vandre/o/5-115-612750>.

Eg ber om ei forklaring på korleis dette kan skje. Når talet på inkassovarsel er så høgt, så er det truleg meir enn at folk gløymer seg som er årsaka.

Fylkesrådmannen har konsultert Ferde AS om spørsmålet, og har fått følgjande svar frå selskapet sin kommunikasjonsdirektør Marit Husa:

Svar på spørsmål:

«Hei,

Viser til mail vedrørende eit lesarinnlegg i Sogn avis som de ber Ferde kommentere på. Me kan ikkje kommentere på ein skilde saker, men har dialog direkte med kundar om saker som gjeld dei.

Me vil likevel gje litt generell informasjon om det som gjeld bilistar som ikkje har AutoPASS-avtale og dermed betalar full pris for alle bompengepasseringar.

Ferde opererer over 20 bompengeprojekt, og kvart prosjekt har sitt eige bankkontonummer. Før bompengereforma var kvart prosjekt ei eiga juridisk eining som hadde kvar sitt kontonummer. Bilistar som ikkje har AutoPASS-avtale har difor fått faktura frå det bompengeprojektet der køyretøyet har passert. Dersom ein til dømes køyrer i ein eller fleire bomprosjekt i Førde, Bergen og Nordhordaland, vil ein motta tre faktura for dei ulike prosjekta, med tre ulike kontonummer. Dersom ein køyrer lite, vil det ta lengre tid før ein mottek faktura då det er ein minimum sum eller ei minimumstid per prosjekt før Ferde sender ut faktura.

Dersom ein betaler til feil kontonummer, vil beløpet automatisk verte tilbakebetalt. Det er sjølvstendig viktig å sjekke både KID og kontonummer på alle faktura ein betalar.

Frå 1.mai 2021 vil ei ny systemløyning verte sett i drift og alle Ferde sine bompengeprojekt vil få eit felles kontonummer.

Ferde har over 550.000 kundar med avtale i tillegg til mange kundar utan avtale, og sender ut om lag 4,5 millionar faktura i året. Me har stort fokus på å yte god kundeservice og hjelpe dei som av ulike grunnar har spørsmål til faktura, eller treng hjelp.

For øvrig; Med AutoPASS-avtale får ein alle passeringar på same faktura. Ein får også rabatt på alle passeringar, i tillegg til andre fordelar. For avtalekundar er passeringar og faktura også tilgjengeleg på MinSide.»